

FØRESEGNER TEL REGULERINGSPLAN FOR DEL AV NYSTOG  
GNR. 111, BNR. 15 1 VINJE KOMMUNE.

Utarbeidd :10.02.97  
Utlagt til offentlig ettersyn :  
Godkjent i planutvalet :  
Vedteke i kommunestyret :

§ 1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggjeområde  
Landbruksområde  
Fellesområde

BYGGJEOMRÅDE

§ 3 Hytter

- a) Hytter skal vere plassert som vist på plankartet, og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal liggje innafør hytteveggene. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av kommunen.
- b) Tillete brutto areal på kvar tomt skal ikkje overstige 85m<sup>2</sup> (Målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal). Naudsynt areal til lagringsbu, do o.l., skal inngå i bruttoarealet.
- c) På kvar tomt skal det berre oppførast ei hytteeining.
- d) Hytta skal mest mogleg underleggje seg naturpreget i området, og ha ei enkel og god utforming. Utvendig skal det nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.
- e) Bygningar kan oppførast berre i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vere over 80 cm.
- f) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 22 - 30°. Taktekking skal vere torv eller mørke bord.
- g) Det skal opparbeidast 2 parkeringsplassar for kvar hytte både til sommar og vinterparkering. Byggjeløyve vert ikkje gjeve før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd.
- h) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.
- j) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.

k) Der hyttene står på pilarar, må det gjerdast mellom desse p.g.a. sau m.v.

#### LANDBRUKSOMRÅDE

##### § 4

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning av kommunen.

#### ANDRE FØRESEGNER

##### § 5 Straum

Straumforskyning i hytteområdet må leggest i jordkabel.

##### § 6 Vassforsyning

Det er ikkje tillete med innlagt vatn. Vassforsyninga skal skje frå godkjent vasskjelde og felles vasspostar , dvs. minst 2 hytter pr. vasspost, plassert utanfor grensene for hyttetomtene, og som vist på plankart. Det er ikkje tillete å kople seg på med stikkledningar frå hytte til vasspost, og heller ikkje frå hytte til ledning mellom vasskjede og vasspost.

##### § 7 Dispensasjon

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innafor ramma av plan- og bygningslova.

##### § 9

Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettlege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.